

Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo

1. mars 2022 - Lagsrommet - kl. 19:00

Til stades på møtet var 16 personar. 15 oppmøtte hadde røysterett.

Skrivar: Anbjørg Myhra Bergwitz

SAK 1 OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: *Innkalling og sakliste godkjent.*

1.2 Val av møteleiar

Vedtak: *Audun Grüner-Hegge vald til møteleiar.*

1.3 Val av skrivar

Vedtak: *Anbjørg Myhra Bergwitz vald til skrivar.*

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Vedtak: *Anne Cathrine Johansen og Astri Andrea Bjerkem valde til å skrive under møteboka*

1.5 Val av teljekorps

Vedtak: *Rune Hernes Bjerke vald til teljekorps*

SAK 2 ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN FOR 2020

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

Desse hadde ordet i saka: Hanna Løken, Anne Cathrine Johansen, Torbjørn Bergwitz Lauen, Erik Hestnes, Audun Grüner-Hegge

Meldinga frå Styret i Leikarringen vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge.

Kommentarar:

- Nokre små skrivefeil ble retta undervegs i møtet
- Nye Leikarringen-kopper vert syna fram på årsmøtet. Denne vert delt ut til alle som har vore med på tur med Leikarringen i 2021/2022. Andre kan kjøpe han for 100kr.
- Hanna Løken informerte om turgruppa, dei møtest en gong i månaden og har ei uformell chat-gruppe for å kommunisere rundt turene.

Årsmøtet tok meldinga frå styret til vitande.

2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen

Meldinga frå Rådet i Leikarringen vart presentert av medlem i Rådet, Anbjørg Myhra Bergwitz..

Årsmøte tok meldinga frå Rådet til vitande.

2.3 Melding frå Søndansen

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge

Meldinga frå Søndansen vart presentert av Audun Grüner-Hegge

Kommentar:

- Ønske om at øvingane til Søndansen også vert lagt ut på sidene og avertert.

Årsmøte tok meldinga frå Søndansen til vitande.

2.4 Melding frå Bunadnemnda

Meldinga frå Bunadnemnda vart presentert av Audun Grüner-Hegge

Årsmøte tok meldinga frå Bunadnemnda til vitande.

2.5 Melding frå Songdansgruppa

Meldinga frå Songdansgruppa vart presentert av Torbjørn Bergwitz Lauen

Årsmøte tok meldinga frå Songdansgruppa til vitande.

SAK 3 REKNESKAP FOR 2021

3.1 Rekneskap & 3.2 Balanse

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge, Simon Hesselberg Løvald, Gyda Gaarder Tøraasen, Torbjørn Bergwitz Lauen, Hallvard Øftsaas

Rekneskap og balanse vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvald.

Kommentarar:

- Oppfordring om at styret kan sjå på om pengene på bankkonto kan flyttast til eit anna sted enn bankkonto. Dette har vore tema tidlegare også.

Vedtak: Årsmøtet tok rekneskapen og balansen for 2021 til vitande.

SAK 4 PLANAR

4.1 Planar for 2022

Desse hadde ordet i saka: Rune Hernes Bjerke, Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen, Torbjørn Bergwitz Lauen, Gyda Gaarder Tøraasen, Audun Grüner-Hegge og Tone Ingvaldsen.

Planar for 2022 vart lagt fram av leiar Audun Grüner-Hegge.

Kommentarar til planane:

- Ang. Draumkvedet - Målet er å overlevere kunnskapen om oppsetjinga av Draumkvedet til nyare generasjonar. Ønskje om at vi alle er ambassadørar for å få fleire yngre med på prosjektet og at styret finn kreative måter å syne fram kva prosjektet inneber for å rekruttere fleire.
- Ang. 17. mai - Ønskje om at Ensjøheim-framsyning også nemnes i planane.
- Ang. administrasjon - Ønske om at styret går gjennom kontoene og vurderer omdisponering.
- Ang. turer - Ønskjer å halde fram med turgruppa, med til dømes fleire turer til Bondehytta.
- Ang. andre arrangement - Kan ein vurdere å dra på andre arrangement, gjerne initiert av styret. Ta gjerne eit utval av arrangement som ein dreg i fellesskap på, med felles overnatting og reise.
- Ønskje om at Lønningspols lev vidare også i 2022, ein dansekveld i halvåret.
- Oppmode dei faste instruktørane for TrøBUL og BULder&Brak til å dra på instruktørkurs i Noregs Ungdomslag.
- Oppmode ungdommane til å dra på Sommarleir, og bidra økonomisk til deltakaravgift.
- Vurdere å arrangere leikfest, jubelfest eller større fest om hausten. Kan ein "fri" til den eldre garde av medlemmene til å vere ein nemnd for ein slik fest, slik at ikkje alle oppgåvene fell på styret.
- Generell oppmoding frå årsmøtet om at medlemmer gjerne ta ta initiativ til å få gjennomført sine "hjardebørn"-prosjekt.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes planane for 2022, med dei innspela som er nemnt over.

SAK 5 MEDLEMPENGAR FOR 2023

Saka vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge

Kommentarar til planane:

- Presisering om at medlemer i Leikarringen også får medlemsfordelene frå NU.
Oppmoding om at styret tilgjengeleggjer informasjon om alle medlemsfordeler på heimesidene.

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2023 vert ståande uendra.

SAK 6 BUDSJETT FOR 2022

Desse hadde ordet i saka: Simon Hesselberg Løvald, Gyda Gaarder Tøraasen, Audun Grüner-Hegge, Erik Hestnes, Rune Bjerke, Anbjørg Myhra Bergwitz, Torbjørn Bergwitz Lauen.

Budsjettet vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvald

Kommentarar til budsjettet:

- Hvorfor er 3110 så lav? Simon svarar at det er gruppa ompostering, og i tillegg pandemtilskot i 2021, som ein ikkje venter å få i 2022.
- Er ferdapengar inkludert i Kursavgifta? Audun svarer at ein har lagt seg på lik linje for stønad til kursdeltakarar tidlegare.
- Instruktørkurs som er i Leikarringens interesse bør fullfinanseres.
- Oppmode om å fullfinansiere deltaking på Sommarleir også.
- Oppmoding om å lage sosiale tiltak også for resten av Leikarringen

Forslag til vedtak:

- Auke 7715 til 10 000,- (frå Anbjørg Bergwitz)
- Auke 7730 til 60 000,- (frå Torbjørn Bergwitz Lauen)
- Auke 7790 til 20 000,- (frå Anbjørg Bergwitz) + endre kommentaren til og andre arrangement

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2022, med nemnte endringar.

SAK 7 VAL

Valet vart gjennomført med dette resultatet:

Styret i Leikarringen:

Leiar (eitt år): Torbjørn Bergwitz Lauen

Ein styremedlem (to år): Simon Hesselberg Løvald

Ein styremedlem (to år): Herborg Oma

To varamedlemer (eitt år):

1. Tone Ingvaldsen
2. Saimi Kortelainen

Ikkje på val i 2022: Hallvard Øftsaas

Bunadnemnda (valt for eitt år):

Åse Wethal Holen, Anne Cathrine Johansen, Sigrid Kjølbi

Rådet i Leikarringen:

Rune Hernes Bjerke og Audun Grüner-Hegge

Anbjørg Myhra Bergwitz (ikkje på val), Karianne Johansen (ikkje på val) og Steinar Hernes (ikkje på val)

Valnemnd for 2022 (valt for eitt år):

Henrik Kamphus, Anbjørg Myhra Bergwitz og Rita Sirirud Vatnehol

Anne Cathrine Johansen

Anne Cathrine Johansen (Jun 16, 2022 13:29 GMT+2)

Astri Andrea Bjerkem

Astri Andrea Bjerkem (Jun 16, 2022 13:21 GMT+2)

Anne Cathrine Johansen

Astri Andrea Bjerkem